



Jens H N Bjordal
Grønlandsvegen 11
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4024 - 22/36288

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
10.05.2022

Avvist søknad om vassledning og avlaupsgrøft - gbnr 355/22 Skjelanger

Administrativt vedtak.	Saknr: 525/22
Tiltakshavar:	Kari Rougne
Ansvarleg søkjar:	Jens H N Bjordal
Søknadstype:	Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om graving av avlaupsgrøft og legging av vassledning til gbnr. 355/22 avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 30.04.2021.

Saka gjeld søknad om graving av avlaupsgrøft og legging av vassledning til gbnr. 355/22. Avlaupsanlegget skal plasserast på gbnr. 355/7 og ledningar skal gå over gbnr. 355/22, 355/7, 355/13, 355/63 og 355/64 fram til sjø.

Planstatus

Eigedomen gbnr. 355/22 ligg som bygd fritidsbustadeigedom med status som LNF-spreidd i kommunedelplan for Meland, jf. tabell 9.2, jf. føresegn 3.2.2.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- Samtykke frå eigar av gbnr. 355/13, 355/63 og 355/64 til å leggje leidningar over desse eigedomane.

Samtykke vart etterspurt ved e-post 25.03.2022, med frist for ettersending av dokumentasjon sett til 25.04.2022. Dokumentasjon er ikkje motteke kommunen.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakarar:

Jens H N Bjordal

Grønlandsvege 5918

FREKHAUG

n 11

Kari Rougne

Vulkan 32 0178

OSLO